

**- Eg vart merksam på ei verd vi ikkje kjenner så mykje til, og no set eg enno meir pris på korleis eg har det heime, seier Uskedalsjenta Janne Døssland(28) m.a. til Thomas Bruvik i ein reportasje i dagens utgåve av Kvinnheringen. Saka har samband med at Janne har vore 3 turar til Afrika som produksjonsleiar for programmet Idol gir tilbake som vert sendt på TV2 førstkommande søndag.**

Programmet er ein storstilt aksjon for å skaffe fleire PLAN-fadrar, og Idol-deltakarar både frå årets program og tidlegare årgangar stiller opp i dette hjelpearbeidet.

Janne jobbar framleis som produksjonsleiar i Monster TV-produksjon, og ho har tidlegare arbeidd med program som 'Norske talenter' og 'Allsang på grensen'. Når ho er ferdig med 'Idol gir tilbake', skal ho i gang med planlegginga av årets serie av 'Allsang på Grensen'. Dermed vert det ikkje sommar i Uskedalen på ho i år heller.

- Dessverre så ryk nok sommaren, men det er fint i Uskedalen om hausten og, avsluttar ho samtalen med redaktør Bruvik i Kvinnheringen.

De kan lesa meir om denne flotte Uskedalsrepresentanten med dei spennande oppdraga i dagens papirutgåve av Kvinnheringen.

Tekst: Thor Inge Døssland.